

Demensteam i Granvin herad

Granvin herad har demensteam. Teamet er eit bindeledd mellom den demente, pårørande og kommunen.

KVA ER DEMENS OG KVIFOR FOR SKAL DET UTREDAST?

Demens er en fellesnemning for ei gruppe sjukdommar i hjernen som eit aukande tal eldre vert ramma av. Dette medfører symptom som redusert hukommelse, sviktande språkfunksjon, endringar i personlegdom og nedsett evne til omsorg for seg sjølv. Det kan føre til vanskar med å meistre kvardagen. Det er difor viktig å utreda demens slik at pasienten sjølv og pårørande får riktig informasjon om sjukdommen.

Dersom heimetenesta og sjukeheimen skal kunne gje riktig hjelp til riktig tid, må ein vite noko om sjukdomen til den enkelte. For legen er det avgjerande å vite om pasienten er dement i forhold til medisiner og eventuelt anna behandling.

MÅL FOR UTREDNING OG TILTAK

Mål for utredning er å sjå korleis ein kan betre funksjons-nivået til den det gjeld, legge til rette for å kunna bu lengst mogeleg i eige husvære og om mogeleg førebygge problematisk åtferd. Det kan og leggest til rette for å oppretthalde sosial aktivitet. Slik kan ein bidra til auka trivsel og ein betre kvardag for pasient og pårørande.

KVA GJER DEMENS-TEAMET?

Me ynskjer å sjå den det gjeld i eigne omgivningar. Heimebesøk kan gje oss høve til å observere dagliglivets aktivitetar, mental funksjon og åtferd. Me kan ta ein grovtest som går på hukommelse(MMSE) og får snakke med pasient og pårørande. Me skal vere bindeleddet mellom den demente og pårørande på eine sida- hjelpeapparatet i kommunen på andre sida.

Dersom grovtesten viser teikn til redusert hukommelse vil fastlækjar syte for vidare utredning- for å utelukke andre sjukdomar.

Demensteam i Granvin herad er:

Sjukepleiar

Ergoterapeut

Ta gjerne kontakt med oss på sjukeheimen, tlf.: **40403881 - dagtid alle vekedagar.**

Teamet er knytt til kommunelækjar- tlf **40403879**

Fastlege kan òg formidle kontakt til oss.

TIDLEGE TEIKN PÅ DEMENS

- Gløymer beskjeder eller avtaler.
- Redusert orienteringsevne for tid og stad.
- Redusert evne til å kjenna att og bruke kjente hjelpemiddel i dagliglivet, eks komfyr, tannkost osv.
- Kan være mistenksam og skulda andre for å stjela.
- Kan være tiltakslaus og tilbaketrekt.
- Kan ha problem med å lage mat -
gløymer å ete.
- Kan ha problem med å lære nye ting.
- Kan snu døgnet.